

# Referat frå foreldremøte i 4. klasse

## Tysdag 7. mai 2019 kl. 18.30 – 20.30

### Fellesdel med 3. klasseforeldre

**Canvas:** arena for kommunikasjon og læring. Malene orienterte. Søk på internett på <http://iktnh.instructure.com> og logg på med Feide pålogging. Canvas kan lastast ned som ein app på telefonen. Canvas er erstatning for its' learning. Etterkvart som elevane vert eldre, vert dette læringsplattformen som skal nyttast i skulen. På vårt trinn er det i første omgang planen å bruka den som ein chat, og at vekeplanen vert lagd ut her.

**Temaveka;** mat og helse: Bodil orienterte.

Oppfølging av born når det gjeld **sosiale mediar:** Me oppmodar foreldre om å følgja anbefalte aldergrenser for sosiale medier som t.d snapchat. Anbefalt alder er 13 år. Når de gjeld mobilbruk, vil me at de skal tenkja på at ikkje alle born har mobiltelefon og at nokon kan kjenna seg utanfor dersom avtalar og kontakt skjer gjennom telefonen. Skulen tilbyr Canvas som ein arena å halda kontakt mellom elevane.

Skulen sine råd: **føl med på alt borna mottok og sender.** Ikkje la dei ha mobil og data med på rommet når det er leggetid. Barnevakten anbefalar 2 skjermfrie timar før legging.

**Mobilbruk** i skuletida: praksis er at mobilen er heime. Dersom nokon av ulike grunnar treng mobil, skal lærar ha melding om det, og den skal liggja avslått i sekken til skulen er slutt.

### 4.klasse åleine

- **Orientering og samtale omkring faga norsk, matte og engelsk. Litt om kartleggingsprøvar no i vår, korleis me jobbar med faga, arbeidsplanen. Det gode klassemiljøet.**
- **Underteikna gløymde at det skulle veljast fau-representant for nye 2 år. Isabell vart kontakta i etterkant, med von om at de ordnar dette så snøgt som mogleg før ferien.**
- **Ny Fau- representant vart Davi Snel (2år) Silje Ebbesvik gjekk inn som klassekontak/vara til Fau sidan David hadde eit år igjen.**

Sosialt arrangement før sommaren: David sa seg villig til å ta initiativ.

Ref: Turid Grov